




Aurland - Voss - Vik – Lærdal

**Reglar for tildeling av tilskot til
tiltak i verdsarvområdet
Vestnorsk Fjordlandskap – Nærøyfjorden
2021 - 2024**



*Godkjend 22.4.2021 sak FS-0027/21 i Aurland kommune
Revidert juni 2022*

Reglar for tildeling av tilskot til tiltak i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap – Nærøyfjorden

Reglane er utarbeidd på grunnlag av forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966, og Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap juni 2022 (Aspevik, Hansen, & Bjørdal, 2022)

Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i verdsarvområde er å styrke landbruket i verdsarvområda.

Ordninga skal òg medverke til å sikre verdier knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, herunder sikre langsiktig skjøtsel og drift.

I *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap godkjend i 2022*, er følgjande tiltak for å nå målsetjinga om å styrke landbruket nemnt som aktuelle:

- Skjøtte jordbrukslandskapet med slått og beiting
- Nytte eldre tradisjonelle driftsmetodar og bruke moderne utstyr der dette let seg kombinere
- Ta vare på biologisk mangfald og kulturminne
- Oppretthalde eit småskala husdyrhald, som tek meir omsyn til miljøet
- Legge til rette for opplevingar, og utvikle gode reiselivsprodukt
- Tilby lokalt foredla matvarer og kortreist mat
- Skape grunnlag for heilårsbusetnad
- Ta vare på og formidle kunnskap om natur, kultur og driftsmåtar

Verkeområde

I kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss gjeld forskrifta innanfor grensene til Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, slik det er avgrensa i Naturbase.

Kven kan søkje?

Målgruppa for ordninga er personar eller verksemdar som medverkar til å fremje føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Grunneigarar eller drivarar
- Landbruksføretak registrerte i Landbruksregisteret
- Organisasjonar, foreiningar eller lag
- Andre som medverkar til å fremje føremålet med ordninga

Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og eventuelt andre rettshavarar.

Tildeling av tilskot

Kommunen kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet for ordninga. Det er Aurland kommune som forvaltar tilskotsordninga på vegne av dei 4 kommunane i Nærøyfjordområde. Løyving av tilskot er delegert til administrasjonen.

Tiltaka må og vere i samsvar med gjeldande planar for området. Følgjande planar er gjeldande for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden:

- Tiltaksplan Vestnorsk Fjordlandskap - kulturlandskapet – av juni 2022
- Oppfølging av bønder i Nærøyfjorden verdsarvområde – tiltaksplanar for enkelteigedomar med kart
- Skjøtselsplan for Stigen
- Skjøtselsplan for Styvi
- Skjøtselsplan for Dyrdal
- Skjøtselsplan for Fronnes
- Skjøtselsplan for Stokko
- Skjøtselsplan for Nedbergo
- Skjøtselsplan for Nåli

Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar.

Tiltak

Det kan mellom anna løyvast tilskot til følgjande tiltak:

- restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- planlegging av tiltak
- tilrettelegging for ferdsel
- formidlingstiltak
- naudsynt planlegging av tiltak
- kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar
- kartlegging og dokumentasjon av behov for skjøtsel og sikring av natur- og kulturminneverdiar
- andre tiltak som fremmar føremålet med ordninga

Arealtilskot og beitetilskot

Kommunen kan løyve tilskot til **beiting, drift og skjøtsel av areal** i tråd med kapittel 8.4 i *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap av juni 2022*, og i tråd med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande forvaltningsplanar og tiltaksplanar for området.

Tilskotet vert prioritert til søkjarar som mottek produksjonstilskot, og som har husdyr på beite i verdsarvområdet. Beitinga skal medverke til at kulturlandskapet og arealtilstanden vert oppretthalden på lang sikt. Det vert nytta same gruppering av dyr og same dyretal som i søknaden om produksjonstilskot. Det er ulike satsar for landbrukseigedomar innanfor og utanfor verdsarvområdet.

Dyr som beitar i utmark innanfor verdsarvområdet, men som ikkje tilhøyrrer gardbrukarane i verdsarvområdet eller i randområda, har ikkje rett på verdsarvmidlar. Det er difor sett krav om at tilskott til dyr berre kan gjevast til bruk med driftssenter i verdsarvkommunane (Stranda, Fjord, Vik, Voss, Aurland og Lærdal). Det vert med andre ord ikkje gjeve verdsarvmidlar til dyr som vert frakta inn frå andre en desse kommunane.

	Type tilskot	2022→
Fulldyrka og Overflatedyrk a jord	Arealtilskot	
	Areal med halling \geq 1:3 (K3)	2 415
	Areal med halling 1:3 – 1:5 (K2)	970
	Areal med halling \leq 1:5 (K1)	480
	Innmarksbeite (K9)	280

Beitetilskot	2022→
Landbrukseigedommar innanfor:	
Sau/lam og geit/kje	365
Storfe og hest	2 185
Landbrukseigedommar utanfor:	
Sau/lam og geit/kje	135
Storfe og hest	720

*) Satsane kan bli justerte dersom omsøkt areal blir vesentleg større eller mindre enn forventa.

Andre tiltak som styrkar landbruket i verdsarvområdet

For søknad om tilskot til andre tiltak, vert søkjarar som motteke produksjonstillegg prioritert.

Søknaden skal innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket, og ha budsjett og gjennomføringsplan. Tiltaket skal merkast av på kart vedlagt søknaden, der det er naudsynt.

Satsar for andre tiltak:

	Type investering i prioritert rekkefølge	Sats	Merknad
1	Driftsbygningar - investeringsbidrag	Inntil 50%	Max 50% i offentlege midlar
2	Spesialutstyr til slått og hausting av tungdrive areal	Inntil 40%	Tilskott skal betalast attende dersom utstyret vert seld før 5 år etter utbetaling av tilskott
3	Arealtiltak, som til dømes: <ul style="list-style-type: none">• rydding av skog til beite• reetablering av kulturlandskap• drenering• nydyrking• flaumsikring	Inntil 70%	Max 70% i offentlig støtte
4	Andre investeringar som fremjar føremålet med ordninga	Inntil 40%	

Eigeninnsats

Rettleiande satsar (kr/time) for eige arbeid er:

- Eigeninnsats, manuelt arbeid: 350
- Eigeninnsats, med maskinar: 800

Korleis søkje og krav til søknad

Søknadsfristen er fortløpande og seinast 1.september kvart år.

Søknad skal leverast via Altinn-portalen:

Søknad må innehalde følgjande opplysningar:

- Grunnopplysningar om søkjar
- Opplysningar om eigedom, eigarskap og tilknytning til eigdommen
- Om tiltaket er eit einskildtiltak eller eit fellestiltak
- Skildring av tiltaket og kva område du søker for
- Kva type tiltak du søker på (eingongs-/investeringstiltak eller drift/årleg tiltak)
- Prosjektittel
- Forventa resultat
- Di vurdering av korleis tiltaket vil styrkje landbruket i verdsarvområdet
- Planlagt bruk for objektet/arealet etter at tiltaket er gjennomført
- Obligatoriske vedlegg

Arbeidsfrist

Fristen for gjennomføring av tiltak er 3 år frå det blir løyvd, med mindre kommunen har sett ein kortare frist ved løyving av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlengje arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

For utbetaling av løyvde tilskot, må søkjar senda inn rapport for omsøkt tiltak og krav om utbetaling. Slik rapportering skal gjerast via Altinn. Unntaksvis kan rapport og krav om utbetaling sendast til kommunen på fastsett skjema. Kommunen skal godkjenne rapportering før tilskot vert betalt ut, og synfara tiltaket ved behov.

Det kan betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført. Det må då sendast inn delrapport med dokumentasjon. Men minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket/prosjektet er slutført.

Søkjar får påminning når arbeidsfristen nærmar seg.

Klage

Vedtak som er fatta av kommunen kan klagast inn til Statsforvaltaren etter reglane i Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker (forvaltningslova) kap. VI.

Opplysningsplikt og kontroll

Den som søker om tilskot har plikt til å legge fram alle opplysningar som kommunen og Statsforvaltaren finn nødvendig for å kunne forvalte og kontrollere ordninga.

Statsforvaltaren kan kontrollere at utbetaling av tilskot er i tråd med forutsetningane. Søkjar har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og andre opplysningar som vedkjem tilskotet. Statsforvaltaren kan gjennomføre stadleg kontroll.

Omgjering og tilbakebetaling

Tilskot som ikkje er nytta i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Kommunen og Statsforvaltaren kan gjere om vedtak om løyvde tilskot, og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekt forhold som er i strid med det som er føresetnadene ved løyving av tilskotet.

For krav om attendebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter *Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.*

